

Høgskolen Stord/Haugesund
Grethe Lønning Grimsbø
5414 STORD

Dykkar ref.:

Vår ref.:

14/203 - 5 / GWI

Dato:

04.02.2015

Høgskolen i Stord/Haugesund - rapport om målbruk i offentlig teneste 2014 - tilbakemelding

Vi viser til brev frå Språkrådet dagsett 22. desember 2014 med overskrifta «Rapport om målbruk i offentlig teneste 2014».

I tillegg viser vi til rapporten frå dykk om målbruken i 2014, som de sende 23. januar 2015. Rapporten gjeld tekstar som kjem inn under mållova § 8 første ledd første og andre punktum (rundskriv, kunngjeringar, informasjonstilfang og liknande) og § 8 fjerde ledd (skjema).

Resultat og merknader

Tekstkategori	Resultat	Merknad
Nettsider	25,1 % nynorsk på www.hsh.no 20,2 % nynorsk på www.prosjektsider.hsh.no 51,8 % nynorsk på www.fagsider.hsh.no	Statsorganet oppfyller krava i mållova.
Korte tekstar, 1–10 sider	47,5 % nynorsk	Statsorganet oppfyller krava i mållova.
Tekstar over 10 sider	22,4 % nynorsk	Statsorganet er svært nær å oppfylle krava i mållova.
Periodiske publikasjonar		Statsorganet har ikkje rapportert om tilfang.
Sosiale medium	37,7 % nynorsk	Statsorganet oppfyller krava i mållova.
Skjema	17 av 20 skjema ligg føre på begge målformene, 2 berre bokmål, 1 berre på nynorsk.	Statsorganet oppfyller ikkje krava i mållova.



Vidare arbeid

Språkrådet takkar for målbruksrapporten dykkar. Høgskolen i Stord/Haugesund gjer framifrå arbeid for å oppfylle krava i mållova. De har svært god veksling i både kortare og lengre tekstar, samt på nettsidene dykkar. Også i sosiale medium har de gjort eit godt arbeid for målvekslinga.

De opplyste i svar på tilbakemeldinga i fjor dagsett 9. mai 2014 at de vekslar jamleg mellom bokmål og nynorsk i dei lengre tekstane dykkar, og at tala difor vil variere noko frå år til år. Vi meiner det er ei god løysing å veksle slik de gjer, for å oppfylle krava i mållova over tid. Vi har tillit til at de held fram med det gode målbruksarbeidet de gjer.

De har framleis ikkje alle skjema tilgjengelege på begge målformene, og dette må de sørgje for snarast råd. Vi vil be om ei tilbakemelding **innan 6. mars** på når vi kan vente å sjå alle skjemaa dykkar på både bokmål og nynorsk.

Språkrådet ønskjer lykke til med arbeidet vidare.

Kontakt med Språkrådet

Hugs at Språkrådet gjerne hjelper dykk. Vi kan tilby nynorskkurs og rettleiing. Statsorgan som ønskjer slik hjelp, kan ta kontakt med seksjon for språk i skole og offentleg forvaltning i Språkrådet på e-post stat@sprakradet.no eller tlf. 22 54 19 50 (sentralbordet).

Dersom de har spørsmål om reglane i mållova, bed vi om at de tek kontakt med handsamaren. Informasjon om reglane ligg elles på www.sprakradet.no/lov.

Venleg helsing

Kristin Solbjør
seksjonssjef

Gunnhild Wiggen
rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og blir sendt utan underskrifter.